

16. JUN. 2006

Det Norske  Samlaget

2006 / 3495-016

Jens Bjelkes gt. 12, Boks 4672 Sofienberg N-0506 OSLO
Telefon 22 70 78 00 Telefaks 22 68 75 02
Bankgiro 8101.07.00159
Org. nr 935 305 314 MVA
www.samlaget.no

Kultur- og kyrkjedepartementet
Boks 8030 Dep
0030 Oslo

Dykkar referanse 2006/03495KU/KU31E/E:kdp
Vår ref.: 14A.4
Oslo, 15. juni 2006

HØYRING

UTKAST TIL ENDRINGAR I FORSKRIFT TIL LOV OM MÅLBRUK I OFFENTLEG TENESTE

Vi viser til høyringsbrev frå 18. april 2006. Det Norske Samlaget er ikkje rekna opp blant høyringsinstansane. Vi er likevel så fri å sende inn nokre synspunkt på endringsutkastet.

Vi deler den uroa både departementet og Stortinget har gitt uttrykk for – både i den siste mållovsmeldinga (st.meld. nr. 7 for 2005-2006) og ved andre høve – over at statsorgan ikkje maktar å oppfylle dei pliktene lova set for bruk av bokmål og nynorsk. Vi ønskjer derfor velkomen den innsatsen departementet gjer for å innføre nye verkemiddel som skal bidra til å sikre at dei lovfesta krava blir oppfylte.

Vi sluttar oss til at plikta til å sende inn rapportar om målbruk blir forskriftsfesta, vi sluttar oss også til at ansvaret for opplæring i bokmål og nynorsk blir forskriftsfesta og at sentrale statsorgan etter utkastet skal fastsetje instruks om korleis veksling mellom målformene skal skje.

Utkastet illustrerer at ulike verkemiddel må nyttast for å få statsorgan til å følge mållova og forskrifta. Det er likevel ei sterk fokusering på tilsyn, rapportering og kontroll. Dette er nødvendig, men røynslene så langt har vist at det ikkje er nok.

Vi viser til framlegget om at sentrale statsorgan skal fastsetje instruks for korleis vekslinga mellom målformene skal skje i praksis. Etter vårt syn bør ein sikre at statsorgan generelt planlegg korleis målbruksreglane skal oppfyllast. Plikt til slik planlegging kombinert med dei positive og gode framlegga i utkastet, trur vi kan gi ein rimeleg garanti for at målbruksreglane blir følgde.

I denne samanhengen viser vi til det systemet som er etablert i Wales mellom anna for å sikra bruk av walisisk både i myndigheitsbruk og tenesteyting. Offentlege organ har plikt til å lage ein plan for korleis walisisk skal brukast i samsvar med dei pliktene som finst i den walisiske språklova. Det walisiske språkrådet skal yte hjelp i utarbeiding av slike planar. Språkplanane skal godkjennast av språkrådet og er offentleg tilgjengelege. Språkrådet skal føre tilsyn med at det einskilde organet følgjer opp planane.


Eit viktig moment i det walisiske systemet er at språkrådet skal lage retningslinjer for korleis ein språkplan skal lagast og kva den bør innehalde. Språkrådet skal også yte hjelp slik at det blir lettare for dei offentlege organa å følgje målbruksreglane. Språksituasjonen i Wales er ulik den norske på mange område. Det heilskaplege grepet som styresmaktene har teke for å sikre at det mindre brukte språket blir tilgjengeleg og synleg i praksis, bør vi likevel kunna dra lærdom av.

I denne samanhengen ser vi at det også hos oss er behov for materiale som kan gjere det enklare for statsorgan å følgje målbruksreglane. Det kan gjelde alt frå oppslagsverk - slik Magne Rommetveits "På godt norsk" er eit døme på, mønsterbrev eller -rundskriv og liknande tilfang, omsetjingsprogram - særleg frå bokmål til nynorsk og ordlister - både i elektronisk og tradisjonell form. Det Norske Samlaget har god røynsle i å produsere slik litteratur. Dersom departementet ser det som viktig å gjere tilgjengeleg slikt tilfang som gjer det enklare for statsorgan å følgja målbruksreglane, deltar vi gjerne i eit arbeid for å få det til.

Med vennleg helsing

LITTERATURSELKAPET DET NORSKE SAMLAGET


Sigve Gramstad
Styreleiar


Nina Refseth
Sekretær for Litteraturselskapet